



Turist-informator Karen Løvfall Våge har basen sin i rådhuset. (Foto:Ola Matti Mathisen).

**Endeleg har Kvinnherad kommune gjort noko for reiselivsnæringa etter ei for mange uforståeleg "hviletid" på åtte år. Og den som i praksis og førebels skal ta seg av oppgåva som informator og koordinator er Karen Løvfall Våge (40). Attpå alt er ho halv uskedeling!**

Her om dagen deltok ho i eit møte på Solheim Turiststasjon om tilrettelegging framfor sesongen. Ho vart motteke med stor begeistring og kvitterte med denne attesten:- Eg tykkjer uskedelingane er aktive og flinke til å ta initiativ. Så har dei også eit godt tilbod både med omsyn til natur, kultur og overnatting av alle kategoriar.

Men Karen må sjølv sagt presisera at ho ikkje kan jobba meir for Uskedalen enn for andre bygder. Ho skal ta seg av turistinformasjonen for heile Kvinnherad og har ikkje meir enn 40 prosent stilling for å fylle den oppgåva. Like lang tid skal ho nyttja for Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som mellom anna arbeider med prosjekt for sesongutviding og sykkelturisme. I denne funksjon må ho også delta i messer land og strand rundt.

Mora til Karen er Aud Karin Løvfall på Løfallstrand og ho er født Bjelland i Uskedalen. Med andre ord er Karen så å seia født inn i reiselivet, for familien dreiv med camping eit lite steinkast frå ferjekaien.

Som mange andre var Karen i yngre år guide på Baroniet og var reiseleiar både til Italia og Frankrike. I 1992 gjekk ho ut frå Hotellhøgskolen i Stavanger og arbeidde deretter i resepsjonen på SAS-hotellet der.

10 år i Suldal var neste bolk i livet hennes. Medan mannen hadde jobb i Suldal Billag, tok ho seg av turistkontoret i ein kommune som fristar mange tilreisande. Til det bidrar ikkje minst ruggane på opptil 20 kilo som boltrar seg i Suldalslågen, ein av dei beste lakse-elvene på Vestlandet. Ungkarsfestivalen i juli er ein annan "knagg" for suldalsturistane.

Tida i Suldal tok slutt fordi Karen er odelsjente og for tre år sidan tok ho over garden på Løfallstrand. Mannen er mekanikar på Dimmelsvik Bil og inntil for eit halvt år sidan var Karen heimeverande med borna, som no er åtte og elleve år. Men så fekk ho jobb i resepsjonen i Rådhuset og no har ho altså teke eit steg vidare – inn i det ho eigentleg er utdanna til og har bakgrunn for.

I funksjonen som informator skal ho også vera noko av tida i kontoret på kaia.

- Det blir meir enn nok å gjera, men eg vil gjerne oppmoda folk å melde frå til meg hvis dei har noko av interesse for turistene. I ein funksjon som dette er noko av det viktigaste å vera oppdatert om tilbodet, seier Karen.

Kva det blir til neste år veit berre rådmannen – eller kanskje politikarane?

Av Ola Matti Mathisen